



**FAGFORBUNDET**  
**Alver**

## UTALE FRÅ FAGFORBUNDET

### VEDRØRANDE HEIMETENESTA

#### Samlokalisering Frekhaug/Vikebø

Heimetenesta sin ressursbruk er knytt til brukarane sine behov for tenester og vedtak.

Det er kjent at me i framtida får fleire eldre og innbyggjarar som treng hjelp, samstundes som er vert mindre tilgang på kvalifisert personale. Samlokalisering vil gje eit større fagmiljø, og ein vil kunne nytte kompetanse og ressursar til det beste for brukarane våre. Stordriftsfordel vil kunne gje ei innsparing ved at oppgåvene vert fordelt og sett i samanheng i staden for å jobbe ut frå to fysiske skilte lokasjonar.

Det å samlokalisere Vikebø og Frekhaug i same lokale vil kunne bidra til betre oppgåvedeling mellom de ulike kompetansenivåa. Det vil og være ein styrke å få samla avdelinga, og dermed få eit sterkare fagmiljø.

Vi er likevel bekymra for prosessen som har vore i forkant av dette forslaget vart gjort kjent.

Det har vært for dårleg informasjon ut til dei tilsette både ved Vikebø og Frekhaug. Dette har medført for lite medverknad og involvering i avgjerda om framtida for Vikebø.

Her burde dei involverte fått ta del i prosess og fått informasjon på eit langt tidlegare tidspunkt.

Dei tilsette er bekymra for nærleiken til brukarene nord på Holsnøy, og med lavt sjukefråvær og godt arbeidsmiljø har de vært ein stabil tilsett gruppe som har klart å dekke kompetansebehovet for brukarene dei har i dette området.

De tilsette både på Vikebø og Frekhaug er i tillegg bekymra over val av lokale på Frekhaug senter. Her har det foreløpig ikkje vore noko medverknad i planane for innhald verken frå HVO/VO eller dei tillitsvalte. Med mange tenestebilar som skal ha parkering håper vi de har ein plan for dette. Den lokasjon som er skissert er utan tilstrekkeleg parkeringsplassar til tenestebilane. De tilsette stiller spørsmål om det er vurdert andre legasjonar, til dømes Mjåtveit.

### UTTALE ANGÅANDE OPPVEKST

Det er beramma store kutt i antall stillingar i oppvekst sektoren. Det vil med bakgrunn i bemanningsnorm og lærartettleik i barnehage og skule stort sett ramme fagarbeidarane og assistentane. Det er derfor vi stiller spørsmål med kvifor vi som organiserer desse tilsettgruppene ikkje har fått deltatt i drøftingar og fått vore ein del av medverknaden.

Med det i bakgrunnen er vi bekymra for kvaliteten i SFO. Vi stiller og spørsmål ved kva bemanning ein kan ha då ein allereie i dag kan være 16 barn pr vaksen. Er det forsvarleg å auke dette talet?? Det er ikkje forsvarleg sett frå vår side.

Det er og bekymring for kvaliteten i barnehage når det ikkje vert tatt inn bemanning for å dekke plantid for pedagogar. Det medfører ofte at denne ikkje vert tatt ut som igjen medfører at borna får eit dårlegare tilbod. Dei som står tilbake i avdelinga når plantid vert avvikla er det ofte fagarbeidarane og assistentane som får høg belastning med aleinetid med mange barn.

Mvh

Fagforbundet Alver

HTV Liv Berit Haukås, HTV Cecilie Kårbø og HTV Morten B. Rognaldsen

